

## i Informasjon om eksamen



## EKSAMEN

**Emnekode:** LBNOR10417

**Emnenavn:** Litteraturhistorie og -formidling på tvers av medier (1-7)

**Dato:** 19. desember 2017

**Eksamenstid:** 4 timer

**Hjelpemidler:** Ordbok/ordliste (både bokmål og nynorsk) samt Kunnskapsløftet generell del og læreplanen for norsk

**Faglærer:** Maja Michelsen (fagansvarlig) og Barbro Bredesen Opset

### **Om eksamensoppgaven og poengberegning:**

Oppgavesettet består av 3 deler. I **del A** skal **5** oppgaver besvares, i **del B** skal **2** oppgaver besvares, og i **del C** skal **1** oppgave besvares. Oppgavesettet inneholder **3 vedlegg**.

Målformen på de to deleksamenene (hjemmeeksamen og skoleeksamen) er valgfri, men en må være på nynorsk og en på bokmål. Ved vurdering teller de to deleksamenene likt, og begge må være bestått for å få karakter i emnet.

**Sensurfrist: 17. januar 2018**

Karakterene er tilgjengelige for studenter på Studentweb

## i Oppgavesett

### Litteraturhistorie og –formidling på tvers av medier

Bokmål

**Del A: Kortsvarsoppgave. Svar på fem, og bare fem, av disse åtte oppgavene:**

1. Forklar begrepet *literacy*.
2. Forklar begrepet *dystopi*.
3. Forklar begrepet *intertekstualitet*.
4. Forklar begrepene *motiv* og *tema*.
5. Navngi hovedpersonene i disse tre bøkene: *Sult*, *Gutten i den stripete pysjamasen* og *Morsomme Dage*.
6. Forklar hva som kjennetegner realismen i norsk barnelitteratur.
7. Forklar begrepet *kanon*.
8. Forklar begrepene *rim* og *rytme*.

**Del B: Oppgaver som krever litt mer forklaring. Svar på to, og bare to, av disse tre oppgavene:**

1. Forklar hva en bildebokapplikasjon er og hvilket læringspotensial som kan ligge i applikasjoner slik som for eksempel *Pettson's inventions* og/eller *Känner du Pippi Långstrump*?
2. Forklar forskjellen på begrepene *forteller* og *forfatter*.
3. Nevn noen av kjennetegnene til kunsteventyret, og gi eksempler fra ett eller flere av eventyrene til H. C. Andersen som er på pensum.

**Del C: Oppgaver som krever et litt lengre resonnement. Svar på én, og bare én, av disse to oppgavene:**

1. Hva er en novelle? Diskutér og sammenlikn fortellertekniske grep i novellen "Idealtid" av Lars Saabye Christensen og "Lå stå" av Ingvild Rishøy. Bruk gjerne vedlegg 1 og 2.
2. Romanen *Is-slottet* (1963) av Tarjei Vesaas har blitt tolket på flere ulike måter. Drøft ulike tolkninger opp mot hverandre. Bruk gjerne vedlegg 3.

Nynorsk

**Del A: Kortsvarsoppgåve. Svar på fem, og berre fem, av desse åtte oppgåvene:**

1. Forklar omgrepet *literacy*.
2. Forklar omgrepet *dystopi*.
3. Forklar omgrepet *intertekstualitet*.
4. Forklar omgrepa *motiv* og *tema*.
5. Namngi hovudpersonane i desse tre bøkene: *Sult*, *Gutten i den stripete pysjamasen* og *Morsomme Dage*.
6. Forklar kva som kjenneteiknar realismen i norsk barnelitteratur.
7. Forklar omgrepet *kanon*
8. Forklar omgrepa *rim* og *rytme*.

**Del B: Oppgåver som krev litt meir forklaring. Svar på to, og berre to, av desse tre oppgåvene:**

1. Forklar kva ein bildebokapplikasjon er og kva for læringspotensial som kan ligge i applikasjonar slik som til dømes *Pettson's inventions* og/eller *Känner du Pippi Långstrump*?
2. Forklar skilnaden på omgrepa *forteljar* og *forfattar*.
3. Nevn nokre av kjenneteikna til kunsteventyret og gi eksempel frå eit eller fleire av eventyra til H. C. Andersen som er på pensum.

**Del C: Oppgåver som krev eit litt lengre resonnement. Svar på éin, og berre éin, av desse to oppgåvene:**

1. Kva er ei novelle? Diskutér og samanlikn fortellertekniske grep i novella "Idealtid" av Lars Saabye Christensen og "Lå stå" av Ingvild Rishøy. Du må gjerne nytte vedlegg 1 og 2.
2. Romanen *Is-slottet* (1963) av Tarjei Vesaas har blitt tolka på fleire ulike måtar. Drøft ulike tolkingar opp mot kvarandre. Du må gjerne nytte vedlegg 3.

## Vedlegg 1

L.S. Christensen

### IDEALTID

fra Ingemo 1992

(utdrag, en side)

Noen ganger fant foreldrene våre ut at de skulle stelle istand noe moro for oss. Det var ikke særlig morsomt. Og det morsomste de visste å stelle istand var skirenn. Det gikk av stabelen på Gaustadjordene i januar og foreldrene våre hadde det moro. De ivrigste av fedrene lå ute i telt natta før, for å passe på løypene, som de sa. Det var premiebord også, diplomer med tre navn nederst, knøttsmå pokaler og trøsteposer med IFA saltpastiller i. Men det teiteste var at vitsen var ikke å gå fortest. Vi skulle gå på idealtid.

Løypa gikk i en sløyfe fra jordet, gjennom skauen, ut på en åpning hvor vi kunne se Gaustad og der stod gærningene i vinduene og heia vilt på oss, og så svingte sporet tilbake igjen, og når vi kom ut på jordet igjen stod alle fedrene i de svære anorakkene sine og tok tida med smale øyne og rynker i panna og mutterne vifta med termosar, matpakker, sure blodappelsiner og knallharde kokesjokolader, så ikke helt friske ut de heller.

Vi startet med tjue sekunders mellomrom, og det

Vedlegg 2  
Ingvild H. Rishøy: Jimmy sa

(utdrag, en side)

NEI, ÅSSEN DET egentlig begynte.

Nei, alt jeg veit er at egentlig var alt skikkelig bra helt til søstera mi flytta. Skikkelig bra i barnehagen, og de første åra på barneskolen, skikkelig fint helt til søstera mi flytta ut på ordentlig.

Så det jeg sa i går om barndommen, det er ikke sant egentlig.

Jo, han sa vi skulle gå over hele gravlunden og ta vekk alle de plantene som er visne. Også søttende mai-buketter sa han.

Vi går ved siden av hverandre og jobber da?

Nei, søstera mi bodde hjemme ganske lenge hu.

Hu flytta vel fordi hu begynte å krangle sånn med mora vår.

Men jeg og søstera mi var liksom gjengen, skjønner du. Det var sånn når jeg kom fra barnehagen, for eksempel, så sto hu på kjøkkenet og så etter meg, og da vinka jeg og da løp hu til gangen, og bare klemte meg og knøyt av meg skoa og alt. Men hu var helt annerledes mot mora vår.

Nei, bare hvis mora vår sa, liksom hva som helst, kan du ikke begynne på skolen igjen eller noe sånt noe, så svarte søstera mi alltid at hu skulle snart flytte hjemmefra og da veit du hva som skjer.

«Det går ikke,» sa mora vår. «Og det veit du, Linn.»

Linn var navnet til søstera mi.

Men søstera mi bare så rett ned i gølvet eller noe, hu sa bare:

«Jeg flytter og det veit du. Jeg flytter og det veit du.»

Med henda knytta på den måten der.

Og jeg hata at hu sa sånn.

gong. Med dette var det ikkje meir tale om foreldre. Far og mor til Siss vart aldri nemnde. Siss var sikker på at Unn visste alt om dei, dei var berre heime i eit bra hus, far hadde ein bra post, dei hadde alt dei trong, og der var ingen ting å fortelje om. Unn spurde heller ikkje med eit ord. Det var som Siss hadde mindre av foreldre enn Unn.

Men sysken kom ho i hug.

– Du har vel sysken, Siss?

– Nei, det er berre eg.

– Då høver det godt, sa Unn.

Det gjekk opp for Siss kva orda av Unn i grunnen bar i seg: Ho skulle vera her alltid. Vennskapen deira låg open som ein ljuvleg veg framigjennom. Det var ein stor ting skjedd.

– Ja visst høver det godt. Då kan vi treffast endå meir.

– Vi treffest no kvar dag på skulen.

– Det gjer vi no òg.

Dei lo stutt mot einannan. Her var lett. Dette var som det skulle. Unn tok ned ein spegel som hekk på veggen jamsides senga, og sette seg ned att med spegelen i fanget.

– Kom hit, du òg.

Siss visste ikkje kva som skulle til, men sette seg ved sida av Unn på sengekanten. Dei heldt spegelen i kvar sin kant, heldt han opp for seg, sat heilt stille side ved side, omtrent kinn ved kinn.

Kva såg dei?

Dei såg seg bort før dei hadde aning om det.

Fire auge med glimt og strålar under vippene. Heile spegelglaset fullt. Spørsmål som skyt fram og gøymer seg att. Eg veit ikkje: Glimt og strålar, glimt frå deg til meg, frå meg til deg, og frå meg til deg åleine – inn i

glaset og tilbake, og aldri noko svar på kva dette er, aldri noka løysing. Dei raude putande leppene dine, nei, det er mine, så likt! Håret på same måten, og glimt og strålar. Det er oss! Vi kan ikkje gjera noko med det, det er som frå ei anna verd. Biletet byrjar å svive, flyt ut til kantane, samlar seg, nei, samlar seg ikkje. Det er ein munn som smiler. Ein munn frå ei anna verd. Nei, det er ingen munn, det er ikkje noko smil, det er noko ingen veit – det er berre oppspana augevipper over glimt og strålar.

Dei lét spegelen falle, såg på einannan med raude andlet, fortumla. Dei lyste mot einannan, gjekk over i einannan, det var ei ufatteleg stund.

Siss spurde:

– Unn, visste du detta?

Unn spurde:

– Såg du det òg?

Med eitt slag var det ikkje så lett. Unn skok seg. Dei måtte sitje litt og rette seg til att etter den merkelege hendinga.

Om litt sa nokon av dei:

– Det var vel ikkje noko.

– Nei, det var vel ikkje noko heller.

– Men det var rart.

Visst var det noko, det var ikkje borte, dei berre prøvde å skyte det unna. Unn fekk spegelen på plass og sette seg som i stor ro. Båe tagde og venta. Ingen tok i den stengde døra og ville inn. Moster lét dei få vera i fred.

Stor ro, men ro var det ikkje. Siss vakta på Unn no, og såg korleis Unn tvinga seg. Det hoppa i Siss då Unn brått sa, med forlokking i mælet: